

Velkommen til aktivitetsleir i vinterferien (19-21 februar)

Om Leiren

Denne leiren er eit dagtilbod for barn som går i 5.-10. Klasse. Leiren vert arrangert onsdag, torsdag og fredag i vinterferieveka (19-21 feb). Det er lagt opp til at vi skal være to heile dagar i Norddalen, med ski og anna vinteraktivitet, og ein dag på Haugland med bading i svømmehallen og pizzabaking i bakehuset. Vi har lagt opp til kjekke aktivitetar utandørs kor ungane både vil få utfordre seg sjølv og ha det kjekt saman med andre born. Nokon born kjenner kvarandre kanskje frå før, medan andre er ukjende. I løpet av veka håper vi at alle vert godt kjende. Målsettinga er å tilbringe mest mogleg tid utandørs dei dagane vi er i Norddalen, men vær og føreforhold vil være styrande for korleis dei endelige planane blir.

Pris og påmelding

Aktivitetsleiren i vinterferien vert arrangert av UWC connect i Fjaler sparebankstifting. Leiren er gratis for barn busett i Fjaler kommune. Dersom det er ledige plassar, kan barn som er busett i andre kommunar også delta på leiren, men må då ta kontakt med UWC connect for pris.

For påmelding, fyll ut skjema:

Oppmøte

Oppmøte tid på morgenen: kl 09:00 - 09:30. Aktiviteten startar kl 09:30

Onsdag: Henry Dunant på campus til UWC. Følg skilting på staden. bygget (bygg nr 12 på kartet) . Sjå vedlagt kart over området. Fint om den som leverer barnet første dag har litt ekstra tid så vi har anledning til å snakke litt om barnet og dobbeltsjekke kontaktinformasjon.

Torsdag og fredag: Norddalen skisenter.



Henting

Henting føregår også ved Leif Høegh og Henry Dunant bygget frå kl 15.00 og utover. Alle barna må vere henta **seinast til kl 15.30**. Ved henting so er det viktig at det er ein av dei som er meldt inn via påmeldingsskjema som henter. Om det er nokon endringar på kven som henter så går det bra om vi har fått beskjed på førehand frå foresatte, enten på mail: connect@uwcrcn.no eller på sms til 41 44 82 97.

Utstyr

Når vi skal vere ute vinterstid er det viktig å være godt kledd, og ha med seg det riktige utstyret i sekken. Utstyret trenger ikkje være nytt eller dyrt! Eldre utstyr fungerer vel så godt som nytt og moderne. Kanskje går det an å låne passande klede og utstyr frå slektingar, naboar eller vene? I dagane vi skal være i norddalen dykk ha med ski. Dersom dykk ikkje har ski er dette mulig å låne på Bua i Fjaler. Sjå <https://www.bua.no/bua-fjaler/utstyr>.

På kropp:

- Ullundertøy (stilongs og ulltrøye)
- Ullgenser, eller anna mellomlag
- Ullsokkar
- Vindtett jakke
- Vindtett bukse
- Hue
- Buff/hals
- Votter eller handsker.
- Solbriller
- Skisko
- Gamasjer
- Ski

I sekken:

- Ekstra ullundertøy (stilongs og ullundertøy)
- Ekstra ullsokkar
- Ekstra hue
- Ekstra votta. Ha med fleire par!
- Matpakke
- Termos med varm drikke
- Kald drikke
- Ekstra varm genser eller jakke.
- Sitteunderlag
- Badetøy (onsdag)

Kven møter barna på leiren?

På leiren jobber to av våre faste friluftsinstruktører. Vi er her for at borna skal få trygge positive opplevingar ute i naturen. Vi tek sikkerheten på alvor og få muligkeit til å prøve nye aktivitetar og meistre nye ting samtidig som vi skal ha det veldig gøy. Trygge omgivnadar.

Kontakt informasjon

Om det er behov for å komme i kontakt med oss i løpet av leiren so er det berre å ringe oss:

Vakttelefon **45 80 14 45**

Program

Med forbehold om endring av programmet.

| | Onsdag | Torsdag | Fredag |
|-------------|---------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|--------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|--------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
| Oppmøtestad | Haugland - HD bygget | Norddalen skisenter | Norddalen skisenter |
| Oppmøtetid | 09:00 - 09:30 | 10:00 | 10:00 |
| Innhald | <ul style="list-style-type: none">● Bli kjent● Opplæring og øving på livberging og HLR.● Bading i svømmehallen● Pizzabaking i bakehuset. | <ul style="list-style-type: none">● Skileik● Aking● Bål med grilling● Kort skitur | <ul style="list-style-type: none">● Skitur● Fjellvett● Graving av nødly i snøen |
| Avslutting | 15:30 | 15:30 | 15:30 |